



\* Norges padleforbund la i år Padlesamling for bevegelseshemmede til holmane og vikane ved Kjeldsund.

# Årets padlesamling i Kjeldsund

**Norges Paddleforbund la i år samlinga for rørslehemma til søre Sunnmøre og Kjeldsund. Manglande kjensle i beina er inga hindring for å lære å padle kajakk.**

Jan Åge Sundnes  
janaage@vestlandsnytt.no

Det er eit fargerikt skode som plutsleg utfaldar seg rundt nova på ein av dei mange holmane utanfor Kjeldsund. På vatnet i den nesten innestengde vika flyt eit tjuetals kajakkar og i ulike fargar. Dei fleste padlarane er om bord. Men nokre ligg i sjøen og held seg fast i kajakken og prøver å kome seg opp att.

## I rullestol og i kajakk

Frå kajakken har Børge Gundersen (40) akkurat hjelpt venen opp frå vatnet og over i eigen kajakk. Kameratredninga gjekk bra. For to år sidan vart Børge lam i beina etter at han over natta fekk betennelse i ryggmargen. No har han med seg kona, systera og ei veninne på padlesamlinga for personar med fysisk funksjonsnedsetjing i regi av Herøy kajakkklubb, Molde kajakkklubb og Norsk Paddleforbund på Kjeldsund.

– Eg har meldt meg på for at fruen og eg skal ha ein aktivitet i lag etter at eg hamna i rullestol. Vi har snakka om det lenge, fortel han.

## Lettare enn forventa

Det er andre gong Børge sit i ein kajakk. På kurset lærer deltakarane grunnleggjande padleteknikk som å snu, stoppe, padle fram- og baklengs, i åttetal samt eigenredning og kameratredning.

– Det har gått lettare enn forventa. Balansen er litt trøblete, men det går. Eg har litt hjelp i hofta, seier han.

– Kva har du lært?

– No var det kameratredning. I stad var det eigenredning, å kome seg opp i båten etter ufrivillig å ha hamna i vatnet. Det gjekk fint.

– Korleis gjer du det?

– Ein måte er å ake seg opp bakfrå, eller eg kan leggje meg over midten av båten og rulle meg over og på plass. Begge

teknikkane gjekk greitt, seier Børge, som likevel ser det å kome seg opp frå ein velt som den største utfordringa. Kona Anne-Mette minnar han på at han måtte jo kome seg frå rullestolen og over i kajakken også. Men også det gjekk greitt på eiga hand, seier Børge. Hjelpa han treng er at nokon må drage han og kajakken utpå vatnet.

– Eg synest kurset verkar veldig bra. Det er greitt at det er like mange instruktørar som deltakarar. Med éin på éin er det alltid nokon som fylgjer med om nokon går rundt, seier han.

## Må tilpasse kajakken

Ni deltakarar og elleve hjelparar og instruktørar deltek på kurset mellom holmane og skjera ved Kjeldsund, opplyser Ann Katrin Eriksson i Norsk Paddleforbund. Det er fyrste gong forbundet legg den årlege samlinga for funksjonsnedsette hit. Forutan dei tre frå Ørsta, kjem dei fleste deltakarane frå austlandet. Kurset vert subsidiert av Miljødirektoratet og Norsk Friluftsliv, opplyser ho.

– Vi er godt bemanna. Ein kan aldri vite kva behov deltakarane har, seier ho.

– Kurset startar med å prøve ut kajakkane. Vi har med oss spesialbåtar som vi riggar til med sete med høgare rygg. Ein er til dømes beinamputert. Til han lagar vi støtte med plater og isopor samt polstring for at han skal få ei god sitjestilling i kajakken. Det gjeld å finne ein måte for den enkelte deltakaren å kome seg i og ut av kajakken på, seier ho.

For Jon Oli Arnason og Herøy kajakkklubb er området fleire gongar i året brukt til kurs i kajakkbruk, og kursa er ofte fullteikna.

– Her er skjerma, lunt og lite båttrafikk, seier Arnason. Kajakkpadling har vore veldig i vinden, og vert meir og meir populært, stadfestar han. Det er til ytre mange frå området rundt kjem når dei skal lære å padle kajakk, seier han.

– Eg synes det er veldig positivt at folk vil lære å handtere kajakken og om forholdsreglane ein må ta. Det gir stor meistringkjensle, seier leiaren i klubben, som i det fine sommarværet denne dagen skjer gjennom vatnet med eit konstant smil om munnen.



\* Å vere lam i begge beina er inga hindring, men årsaka til at Børge Gundersen frå Ørsta deltek på kajakk-kurs ved Kjeldsund. – Slik kan fruen og eg (Anne-Mette Gundersen) ha ein aktivitet i lag, seier han.



\* Både leiar i Herøy kajakkklubb, Jon Oli Arnason (t.v.) og Ann Katrin Eriksson i Norsk Paddleforbund (t.h.) finn Kjeldsund ein ideell plass for å lære kajakkpadling.